

Høgre: Nei til Hardangerfjordforskrifta**17.03.2011**

Høgre i Hordaland vil på det sterkasta fraråda innføring av Stoltenberg-regjeringa sitt forslag til Hardangerfjordforskrifta. Det gjorde fylkespartiet klårt under årsmøtet på Stord i helga, opplyssar leiar i Kvinnherad Høgre Gunn Mari Moberg i Uskedalen. Ho var med i resolusjonskomiteen og summerar opp resolusjonen:

I- Vi seier at Høgre er tilhengar av ei sterk og berekraftig marin næring i fylket. Fylkespartiet meiner at den nye forskrifta vil vera svært dramatisk for næringa.

Forskrifta, som no er til andre gongs høyring, inneheld ingen konsekvensutredning og det meiner Hordaland Høgre er uansvarleg.

Fylkespartiet held fram at det er svært viktig å sikra ein berekraftig bestand av villaks og sjøaure.

Soneforskrifta, luseforskrifta og PD-forskrifta, som er innført dei seinare åra, skal ivareta desse bestandane. Vi må i alle fall gje desse forskriftene tid til å virka før ein innfører nye forskrifter, meiner Høgre i Hordaland.

Av Ola Matti Mathisen